



Melding

Dato: 05.10.2016
Arkivsak: 2014/38-11
Saksbehandlar: torrods

Til: Fylkesutvalet, Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Trygt heim-ordninga – statusmelding

Historikk

Etter prøveperioden i 2005-2006 har *Trygt heim-ordninga* vore eit permanent transporttiltak i Hordaland. Ordninga skal førebyggje at ungdom i distrikta kjem opp i ulukker når dei reiser heim frå festar og arrangement. Tiltaket er natrutetransport med buss, maxitaxi og drosje.

Geografisk omfang

Trygt heim-ordninga i Hordaland har sidan starten vore open for alle kommunar i Hordaland.

Då Trygt heim-ordninga blei etablert, var det – som det framleis er – eit godt ordinært nattbusstilbod i og mellom Askøy, Bergen, Fjell, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Sund, Sveio (fylkesgrensekryssande) og Øygarden. Det har også vore prøvt eit nattbusstilbod i Samnanger og Vaksdal.

Det har sidan 2005 vore i drift fase Trygt heim-ruter med tilleggstruter i Bømlo, Granvin, Kvinnherad, Stord, Ulvik og Voss. Det er eit ønskje frå kommunane at desse rutene skal halde fram.


Det var i ein periode eit fast Trygt heim-tilbod i Odda og Ullensvang, men det synte seg å vere avgrensa passasjergrunnlag for det, og tilbodet blei nedlagt.

Administrasjonen har sett opp ekstraruter i alle kommunar der partar har meldt frå om særskild behov i samband med ulike arrangement som til dømes musikkfestivalar, kulturmonstringar, russetreff, ball, dataparties etc. Til no har slike ruter vore utført ein eller fleire gonger i Austrheim, Bømlo, Etne, Jondal, Kvinnherad, Lindås, Meland, Odda, Osterøy, Radøy, Stord og Voss. Desse «ad hoc-rutene» har kome til i løpande dialog med representantar frå kommunane, ungdomsråd, rutelag, arrangørar m.v.

Dei einaste kommunane som hittil ikkje har hatt eit nattbusstilbod eller Trygt heim-tilbod er såleis Austevoll, Eidfjord, Fedje, Fitjar, Fusa, Kvam, Masfjorden, Modalen og Tysnes. Det er i seinare tid meldt inn ønskje frå Tysnes kommune om Trygt heim-ruter der. Administrasjonen vil følgje opp dette initiativet.

Trygt heim-rutene i Sunnhordland

i Sunnhordland er rutetilbodet som følgjer:



Fredagar vert det utført ein tur frå Leirvik kl 0200 via Svortland til Langevåg og ein samtidig frå Svortland til Mosterhamn. Dei to maxitaxiane har korrespondanse i Gassasundet. På dagar med stort passasjertal vert det sett inn bussar i staden for maxitaxiane.


Laurdagar vert det køyrd buss frå Rosendal kl 0130 via Husnes til Utåker, med retur frå Utåker kl 0205 via Husnes til Løfallstrand. Desse ruteturane har vore supplerte med opptil 2 bussar.

Rutene i Sunnhordland er integrerte i Skysst sine ordinære rutetabellar og godt innarbeidde blant publikum. Det har årleg vore sett opp ekstraruter i samband med ulike arrangement i ruteområda, også til Odda, Halsnøy og Rubbestadneset.

Medrekna ekstrarutene, har turane i Kvinnherad eit gjennomsnittleg passasjertal per veke på 50. På store trafikkdagar har det vore opptil 120 passasjerar. Samanlikna med alle andre kjende Trygt heim-ruter i Norge, er passasjertala på rutene der svært høge. Passasjertalet på ruta mellom Leirvik og Bømlo ligg på mellom 5 og 30 pr rutedag. I samband med ekstraruter har det vore ca 90 passasjerar.

Trygt heim-rutene i Voss og omlandet

Kring Voss er rutetilbodet som følger:



Fredagar er det rutetilbod med drosje eller maxitaxi kl 0245 til Ulvik, Stalheim og Bolstadøyri. Også rutene i Voss og omlandet er integrerte i Skysst sine ordinære rutetabellar.

Ettersom det er få passasjer på desse rutene, 0-8 per dag, vert dei berre utført dersom det er påstigande på Vossevangen. Når ein har vald å halde fram tilbodet, trass lågt passasjervolum, skuldast dette at dei aktuelle traseane er rekna som farlege, og er relativt ulukkeutsatte.

Nasjonal evaluering av Trygt heim-ordningar

Ei nasjonal evaluering i 2008-2009 synte at 17 fylkeskommunar då hadde hatt og/eller hadde ei Trygt heim-ordning. Ein del negative erfaringar som blei hausta i andre fylke let seg ikkje hauste i Hordaland, då det sidan ordninga tok til her er gjort konkrete grep for å førebyggje dei. Til dømes har mange fylke hatt negativ erfaring med krav til førehandstinging, mens dette aldri har vore noko krav til kundane i Hordaland.

Det gjekk fram i evalueringa at utforminga av ordninga varierte så mykje frå fylke til fylke at den ikkje kan reknast som einskapleg. Effektane av Trygt heim-ordninga er difor vanskelege å måle, og det blei i den nasjonale evalueringa såleis ikkje funne nokon statistisk handfast samanheng mellom tilbod om ei Trygt

heim-ordning og ulukkestal. Det vil – heldigvis – truleg aldri bli store nok ulukkestal i Hordaland til å kunne gje statistisk pålitelege ('signifikante') tal for samanhengen mellom Trygt heim og tal trafikkulukker her i fylket.

Tilrådingane i den nasjonale evalueringa er, med eitt unntak, i samsvar med den utforminga som Trygt heim-ordninga har hatt i Hordaland sidan starten. I tillegg er det tilrådd å tydelegare marknadsføre ordninga som eit trafikktryggingstiltak.

Tilskot og passasjertal

Trygt heim-ordninga har sidan 2007 hatt ei årleg budsjetttramme på 0,7 mill kr. Løyvingane til Trygt heim-ordninga i Hordaland ligg på landsgjennomsnittet av dei fylkeskommunane som har ei liknande ordning. I Hordaland har det vore eit mindreforbruk i høve til løyvingane. Så langt har denne løyvinga vore tilstrekkeleg til å dekke det noverande driftsnivået i Hordaland. Adminstrasjonen har i år vore i kontakt med kommunane i Hordaland med sikte på å få i gong fleire ruter.

Tal reisande med Trygt heim-ordninga i Hordaland har vore om lag på nivå med landsgjennomsnittet og medianen. Tilskotet per passasjer innan Trygt heim-ordninga var i 2015 kr 173, medrekna dei passasjerfattige langrutene frå Voss, og trass at ein på desse rutene kan nytte 30-dagars ungdomsbillett («ungdomskort»). Landsgjennomsnittet for Trygt heim-ruter var i 2013 kr 313. I einskilde fylkeskommunar var tilskota vore så høge som kr 1 400 – 2 500 per passasjer. Tiltaket krev mindre tilskot i Hordaland enn i andre fylke alt før ein reknar inn den samfunnsøkonomiske vinsten frå styrka trafikktryggleik.

Sluttkommentarar

Trygt heim-transport skil seg på mange vis frå annan kollektivtransport. Den er i stor grad retta spesifikt mot ungdom, er i fremste rekkje eit trafikktryggleikstiltak, og er ikkje integrert i noko tilgrensande transportnettverk. Vidare har ordninga ekstra stor nytte av lokalt forankra og til dels kreative og fleksible utformingar. Det har difor vore vektlagt å utvikle ordninga i fortløpande kontakt med aktuelle transportørar, kommunar, representantar for målgruppa.

Trygt heim-ordninga har vore i drift sidan 2005 og har gjeve eit velfungerande og godt innarbeida natrutetilbod i deler av fylket. I tillegg til det faste tilbodet har det vore gjeve tilskot til ad hoc-ruter ved spesielle høve i kommunane.

Premissane for fylkeskommunen sitt arbeid med Trygt heim-ordninga er at den skal fremje trafikktryggleik. Det er likevel slik at økonomiske vurderingar alltid må liggje til grunn når ein vurderer tiltak og eventuelt avsluttar tiltak. Det har såleis vore tiltak som har vorte avslutta fordi passasjertilslutnaden ikkje har stått i forhold til kostnadene ved å oppretthalde rutedrifta.

Fylkesrådmannen meiner primært at all ruteproduksjon som fylkeskommunen har ansvar for skal inngå som ein integrert del av Skyss sitt ruteopplegg. Det må og gjelde dei faste Trygt heim-rutene. Dersom det vert etablert nye faste ruter må desse leggjast inn i Skyss sitt ruteopplegg og marknadsførast gjennom dei etablerte kanalane.

Fylkesrådmannen finn at røynslene med ad hoc-rutene er så vidt gode at ordninga bør vidareførast. Fylkesrådmannen vil peike på at det er viktig med lokalt engasjement frå ungdomsråd og andre organisasjonar, og fylkeskommunen vil vere ein aktiv medspelar for å få i stand tenlege transportløysingar i distrikta.

